



Austevoll kommune

AS AUSTEVOLL BRUSELSKAP

ÅRSMELDING 2014

AS Austevoll bruselskap er eit selskap som er oppretta med det føremål å planleggja, byggja bru, tunnel og vegprosjekt i Austevoll kommune med forretningsadresse 5392 Storebø i Austevoll kommune, Hordaland.

Selskapet hadde pr. 31. desember 2014 følgjande aksjonærar, med slik fordeling av aksjane:

Austevoll kommune 49%

Hordaland fylkeskommune 51%

Styret for 2014 har vore samansett slik:

Medlemmer

Renate Møgster Klepsvik
Knut Klepsvik
Jane Kirsti Stangeland
Helge Andre Njåstad
Stein Inge Ryssdal

Personlege varamedlemmer

Narve Møgster
Oddvar Stangeland
Signe Ekeland
Silje Hjemdal
Bjørn Magne Hufthammer

Styret har hatt 1 styremøte i 2014, 27. juni 2014.

Årsrekneskapen

Pr. 31.12.2014 har selskapet innestående på konto i Nordea Bank kr 6.515.619,58 (konto for bompengar) og på bedriftskonto pr. 31.12.2014 kr 57.189,23. Pr. 31.12.2012 på konto i Sparebanken Vest utanom skattetrekk kr 5.338,13.

Rekneskapen er sett opp under føresetnad om fortsett drift med eit årsoverskot (årsunderskot) kr.0,-.

Etter styret si meining gjev den framlagte rekneskapen med tilhøyrande noter fullstendig informasjon om selskapet si stilling ved årsskiftet.

Det er ingen tilsette i selskapet. Selskapet forureinar ikkje det ytre miljøet.

Likestilling

Selskapet har 60% mannlege og 40% kvinneleg medleamar i styret, varamedleamar 60% mannlege og 40% kvinnelege medleamar.

Om drifta

Austevoll bruselskap inngjekk i 2005 bompengavtale med Vegdirektoratet som gav selskapet rett iht st. prp om bygging av Austevollsbrua å krevje inn bompengar på ferjestrekningane til og frå Austevoll. Hovudformålet til selskapet er å krevje inn bompengane og betale vegvesenet etter rekvisisjon etter framdrift av prosjektet.

Prosjektet vart offisielt opna 17. november 2007 av samferdsleminister Liv Signe Navarsete.

5392 Storebø, den 01. juni 2015

Helge Andre Njåstad
Leiar

Knut Klepsvik

Jane Kirsti Stangeland

Stein Inge Ryssdal

Renate Møgster Klepsvik